

KOMMUNEDELPLAN

TIDLEG INNSATS OG LIVSMEISTRING



INFORMASJONSPAKKE TIL BARNEHAGELÆRERAR OG
LÆRERAR I BARNESKULE, UNGDOMSSKULE OG VGS.

Til deg som er barnehagelærer eller lærar i Voss herad

Me håpar du vil vera med å lyfta fram røysta til barna og dei unge, i kommunedelplanen for tidleg innsats og livsmeistring.

Kort om KDP – Tidleg innsats og livsmeistring

Voss herad sin planstrategi 2020- 2023 løftar fram arbeid mot utanforskap som eit prioritert satsingsområde. Samstundes har det kome nye nasjonale føringar, blant anna i høve plikt til samarbeid mellom tenester og at alle kommunar skal ha ein plan som viser korleis ein skal jobba førebyggjande i høve omsorgssvikt og åtferdsvanskar jf. Bvl. § 3-1 1. ledd. Som ledd i dette arbeidet skal det lagast ein kommunedelplan for tidleg innsats og livsmeistring. Planen skal dekke aldersgruppa 0 til 25 år.

Hovudmålet er å utarbeide ein kommunedelplan for tidleg innsats og livsmeistring som syner korleis Voss herad skal arbeida målretta for å dreia ressursinnsatsen frå reparasjonstiltak til førebyggjande arbeid og tidleg innsats. Planen skal være eit nyttig reiskap i folkehelsearbeidet i heradet for å hindre utanforskap og oppnå sosial utjamning. Målet er at planen skal bidra til å auka kunnskapen om det førebyggjande arbeidet i heradet, bidra til eit samordna tenestetilbod og fremme ei heilskapleg tilnærming som sikrar at barn og unge får dei beste føresetnader for å meistre eige liv.

Proessen steg for steg

1. Gå gjennom informasjonen til dei tilsette og barna/ elevane. Du vel sjølv korleis du gjennomfører oppgåvene i din klasse eller gruppe
2. Oppmuntra barna til å svara på spørsmåla, ved å teikne, lage ei ordsky eller skrive ein tekst. Dei kan jobbe åleine, i grupper eller ha det som heimeleikse. Det er laga ulike spørsmål til barna/ elevane ut frå alder, barnehage, barneskule eller ungdomsskule og VGS
3. Legg vekt på at barna/ elevane er ekspertar på eige liv, og kva som er viktig for at dei skal ha det bra. Det er laga nokre hjelpespørsmål som kan drøftast i klassen/ avdelinga eller i mindre grupper. Du vel ut dei hjelpespørsmåla du tenkjer kan vera nyttig for dei barna/ elevane du er med
4. Minn barna/ elevane på at dei ikkje skal skriva namn på arka. **Alle svara må vere anonyme.** Dersom det kjem innspel med namn på, må desse makulerast
5. Samle inn svara og send dei til oss:
Send kun inn innspela frå dei som ynskjer å vere med.
Det er heilt frivillig å delta
Svarfrist: 17. mai 2023
6. Over til oss. Me går gjennom alle svara, og dei dannar så ein del av kunnskapsgrunnlaget som vert nytta i utarbeidinga av planen.



Eller... leverast på Tinghuset
E-post til hilde.h.rogne@voss.herad.no

Nokre hjelpespørsmål til drøfting og ei konkretisering

Kva gjer eg for at andre skal ha det bra?
Kva kan andre gjere for at eg skal ha det bra?
Kva betyr det for deg å ha det bra?

Korleis kjennes det ut når du har det bra?
Kva eller kven gjer at eg har det bra?
Kan ein ha det bra sjølv om ein er litt lei seg?

Kva meiner me å ha det BRA? Me meiner ikkje den meir flyktige lukkekjensla som kan opplevast som ein form for eufori. Meir i retninga av at eg «Eg har det bra, eg er tilfreds, sjølv om ikkje alt er perfekt.»